



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Regulering i samsvar med § 5 i "Forskrift om minstekrav til egenkapitalen i norske forsikringselskaper"

RUNDSKRIV:

2/2010

DATO:

18.01.2010

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Livsforsikringsselskap

Skadeforsikringsselskap

Filialer i Noreg av utanlandske livsforsikrings-
selskap (med unntak av EØS-filialar)

Filialer i Noreg av utanlandske skadeforsikrings-
selskap (med unntak av EØS-filialar)

FINANSTILSYNET

Postboks 1167 Sentrum

0107 Oslo

”Forskrift om minstekrav til egenkapitalen for norske forsikringsselskaper” blei fastsett av Finansdepartementet 8. september 1989 med heimel i ”Lov av 10. juni 1988 nr. 39 om forsikringsvirksomhet” § 7-3 andre ledd (jf. ”Lov av 10. juni 2005 nr. 44 om forsikrings-selskaper, pensjonsforetak og deres virksomhet mv.” (forsikringslova) § 6-3 andre ledd). Etter § 5 i forskrifta skal beløpa angitt i §§ 2, 3 og 4 regulerast den 31. desember kvart år med utgangspunkt i forholdet mellom konsumprisindeksen som blei offentleggjort i desember og den konsumprisindeksen som blei offentleggjort i desember føregåande år. Ei slik regulering blei gjennomført første gong i desember 1990.

”Forskrift om kapitalkrav for utenlandske skadeforsikringsselskaper med filial i Norge” blei fastsett av Finansdepartementet 21. november 1989 med heimel i lova om forsikrings- verksemd § 12-4 (jf. forsikringslova § 14-4). Etter § 2 i forskrifta skal filialen ha ein kapital som minst svarer til dei krava som er fastsette for norske skadeforsikringsselskap. I § 8 i forskrifta er det gitt følgjande unntak:

Bestemmelsene i denne forskrift gjelder ikke for filial for forsikringsselskap som har sitt hovedsete i en annen stat innenfor Det europeiske økonomiske samarbeidsområde.

Tilsvarande avgjerder gjeld for utanlandske livsforsikringsselskap med filial i Noreg, jf. §§ 1 og 7 i ”Forskrift om kapitalkrav for utenlandske livsforsikringsselskaper med filial i Norge” fastsett av Finansdepartementet 21. november 1989 med heimel i lova om forsikrings- verksemd § 12-5 (jf. forsikringslova § 14-5).

Konsumprisindeksen som er offentliggjort av Statistisk sentralbyrå i desember 2009 og som gjeld november 2009, er utrekna til 126,6. Indekstalet for november 2008 var 124,7. Auken i indekstalet i løpet av det siste året er såleis 1,5 prosent.

I den vedlagde tabellen blir det gitt ei oversikt over følgjande storleikar:

- Krav til minste eigenkapital for norske skadeforsikringsselskap, norske livsforsikrings- selskap og utanlandske forsikringsselskap med filial i Noreg.
- Kapitalkrav i samsvar med særreglane for nye skadeforsikringsselskap og nye livsforsikringsselskap.
- Kapitalkrav for gjensidige skadeforsikringsselskap med avgrensa verksemd.

Tabellen omfattar både dei opphavlege beløpa og beløpa slik desse har blitt regulerte per 31. desember 2008 og 31. desember 2009.

Reguleringa per 31. desember 2009 er basert på ovannemnde auke i konsumprisindeksen, og avrunda til nærmaste 0,1 millionar kroner.

Emil Steffensen

Bjørn Andersen

Kontaktperson:

Spesialrådgivar Arild Kristiansen, tlf. 22 93 98 84, e-post: arild.kristiansen@finanstilsynet.no

Regulering i samsvar med § 5 i "Forskrift om minstekrav til egenkapitalen i norske forsikringselskaper"

	Opprinneleg beløp	Indeksregulerte beløp	
		per 31.12.2008	per 31.12.2009
§ 2 Minste egenkapital	16 mill. kr	24,5 mill. kr	24,9 mill. kr
§ 3 Særreglar for nye selskap Kapitalkrav:			
– ved oppstart	25 mill. kr	38,3 mill. kr	38,9 mill. kr
– dei to første driftsåra	9 mill. kr	13,8 mill. kr	14,0 mill. kr
– innan utløpet av tredje driftsår	16 mill. kr	24,5 mill. kr	24,9 mill. kr
§ 4 Gjensidig skadeselskap med begrensa verksemd Kapitalkrav:			
– ved oppstart	10 mill. kr	15,3 mill. kr	15,6 mill. kr
– til einkvar tid seinare	5 mill. kr	7,7 mill. kr	7,8 mill. kr

